

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2019	Formannskapet i Radøy	PS	09.05.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	19/714	19/6488

Salsløyve - Sletta Landhandleri

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Radøy kommune mottok den 29.03.2019 søknad om salsløyve for alkoholhaldig drikk guppe 1 frå Sletta Landhandleri AS, org.nr 92237738, Hellandsvegen 521, 5939 Sletta. Butikken er i tidlegare Bunnpris Sletta sine lokale og det er i søknaden oppgjeve at det vil vera ein daglegvarebutikk med fullt spekter av daglegvare. Sletta Landhandleri AS vil vere ein nærbutikk for området, men og eit samlingspunkt for bygda og forbireisande.

Rebecca Elisabeth Bjørsvik er i søknaden oppgjeven som styrar for løyvet og Gunta Venge som stedfortredar. Begge desse har avlagt kunnskapsprøven i alkohollova.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV, som ikkje har innvendingar mot at det vert gjeve salsløyve til Sletta Landhandleri AS.

Søknaden har vore til uttale hjå politiet, Kemnaren i Nordhordland og skatteetaten. Politiet og Kemnaren i Nordhordaland har ikkje hatt merknader til søknaden og søkjarane. Skatteetaten har hatt ein merknad, og på bakgrunn av denne merknaden har kommunen gjort ei vandelsvurdering etter alkohollova § 1-7b, sjå vedlegg. Vandelsvurderinga er unnateke offentlegheit på grunn av personopplysningar.

Rådmannen konkludrar med at krava til vandel er oppfylt og ikkje til hinder for å gje salsløyve.

Vurdering

I Radøy kommune har det vore 5 løyve for sal av alkoholhaldig drikk (høgst 4,7 volumprosent), og då dette løyvet vil overta i lokala for eitt av dei tidlegare løyva vil det ikkje vere ein auke i salsstadar i kommunen. Ruspolitisk handlingsplan for Radøy set ikkje tak på tal utsalsstader, men målet er at talet skal haldast på eit lågt nivå. Det er rådmannen si vurdering at ein ved å innvilga salsløyve ikkje vil auka tilgjenge til alkohol i særleg grad, og det vil vera i tråd med gjeldande praksis i kommunen å godkjenna løyve til alkoholsal i daglegvarebutikk.

Styrar og stedfortredar innfrir formelle krav gjeve i alkohollova §1-7.

Konklusjon

På bakgrunn av ei heilskapleg vurdering tilrår rådmannen at det vert gjeve salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 til Sletta Landhandleri AS, og at Rebecca Elisabeth Bjørsvik vert godkjent som styrar for løyvet og Gunta Venge som stedfortredar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-5, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, 3-7, 3-9 gjev formannskapet salsløyve til Sletta Landhandleri AS, org.nr.922377383. Vilkår og spesifikasjonar er gjevne her:

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Salsløyvet gjeld frå 10.05.2019 til 30.06.2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Sletta landhandleri AS, Hellandsvegen 521, 5939 Sletta
4. Styrar for løyvet er Rebecca Elisabeth Bjørsvik med Gunta Venge som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgde.
6. Gjeldande salstider, sist gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av branntilsynet.

Formannskapet i Radøy - 009/2019

FS - handsaming:

Ordførar Jon Askeland viste til at slike saker normalt skal handsamast i kommunestyret, men at denne saka på grunn av tidsomsyn vert i tråd med reglementet avgjort som hastesak i formannskapet.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) gjorde det klart at ho på prinsipielt grunnlag røystar mot søknaden. Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 6 røyster mot 1 (Else Marie Dale, KrF).

FS - vedtak:

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-5, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, 3-7, 3-9 gjev formannskapet salsløyve til Sletta Landhandleri AS, org.nr.922377383. Vilkår og spesifikasjonar er gjevne her:

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Salsløyvet gjeld frå 10.05.2019 til 30.06.2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Sletta landhandleri AS, Hellandsvegen 521, 5939 Sletta
4. Styrar for løyvet er Rebecca Elisabeth Bjørsvik med Gunta Venge som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgde.
6. Gjeldande salstider, sist gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av branntilsynet.

Vedlegg:

Vandelsvurdering etter alkohollova
Søknad om salsløyve - Sletta Landhandleri (L)(289074)